

budsjettrapport pr. 2. tertial 2019, der ein etablerer eit fond på 18 mill kr som kan nyttast til å dekke framtidige fylkeskommunale meirutgifter.

3. Ein føresetnad for fylkestinget sitt vedtak er at også Førde kommune er positive til at Sogn og Fjordane teater inngår leigeavtale med Nynorskhuset.

---

**SAK 68/19 Mineralråd**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltakar på linje med dei andre.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjettrapport pr. 2. tertial 2019.

---

**SAK 69/19 Oppseiing av avtale mellom Fjord Norge og fylkeskommunane**

**VEDTAK:**

Dagens partnerskapsavtale med Fjord Norge AS vert sagt opp. Det vert innleia eit arbeid med å tinge fram ei ny avtale.

---

**SAK 70/19 Orienteringssak. Innovasjonsnettverk i Sogn og Fjordane**

**VEDTAK:**

1. Hovudutval for næring og kultur tek orienteringa til vitande.

*Glenn L. Kvernstad  
Alexander G. Røn  
Lone Olav Kvernstad  
Sett: Anne Wilhelmsen*

*Karen Marie Hjeltnes  
Sett: Jakob A. Sandal  
Elinor H. Ø  
Sett: Torgeir M. N. Eide*

*Marita Aarvik  
Arve Ø. J. Men*